

ÅRSMELDING FOR 2023: SYKKYLVEN BEDEHUSFORSAMLING

Sykkylven Bedehusforsamling vart stifta den 6.juni 2010, og har etter §2 i lovene som formål å fremje Guds Rike og halde oppe eit livskraftig misjonsarbeid, vidare å bidra inn mot Sunnmøre Indremisjon, ImF, og å arbeide for ytremisjon. I 2015 gjekk forsamlinga inn i eit formelt samarbeid med NLM-foreininga i Sykkylven.

Visjonen som samlar oss: **Med Jesus, ekte livsglede til alle**, er eit friskt mål å strekkje seg etter. Vi erfarer gleda i Jesus kvar gong vi er samla i hans namn. Kvar av oss møter nesten dagleg ulike menneske som vi kan glede. Så er vi sende-forsamling for familien Barlaup i Japan og familien Myklebust i Kenya. Målet «til alle» kan vi vere med å nå i same grad som Jesus får prege og bruke oss.

Sykkylven Bedehusforsamling er innmeldt i ImF og på same tid nært tilknytt Misjonssambandet gjennom samarbeidsavtalen med Sykkylven Misjonssamband.

ÅRSMØTET vart halde søndag 26.mars 2023 i etterkant av forsamlingsmøtet. 20 personar deltok, herav 15 medlemmer. Oddbjørn Brunstad og Arnhild Almås var på val. Begge hadde ytra ønskje om avløyning. Kari Myklebust vart vald til nytt styremedlem då Arnhild gjekk ut, medan Oddbjørn Brunstad vart attvald som styremedlem og styreleiar. Som varamedlemmer vart valde (1) Karina Bjørk-Bergene og (2) Runa Welle. Anita Woldsund og Knut Kjersheim utgjør valnemnd, og dei held fram.

Etter årsmøtet ser altså styret slik ut:

- Oddbjørn Brunstad (leiar)
- Reidun K. Eidem (nestleiar)
- Sigmund Valbø (økonomi)
- Ingebjørg Kjersheim
- Kari Myklebust


Hyrderåd er: Oddbjørn Brunstad, Sigmund Valbø og Johan P. Aurdal

Det har vore halde 20 forsamlingsmøte og 5 styremøte pluss ei god medarbeidersamling laurdag 16.september i Hundeidvik. Takk til Misjonssambandet, ImF Sunnmøre, Israelsmisjonen og Åpne Dører for dei mange forkynnarane vi har fått lytta til!

Søndagsskulen er i god drift. Borna brukar den bakre salen til aktivitetar. Takka vere Karina Bjørk Bergene med familie og vener, ser vi nye ansikt på forsamlingsmøta, særleg frå innvandarmiljøa. Dette er strålende bønnesvar og vi må vere gode til å ta kontakt med dei. Så må vi frimodig halde fram og be om visjonære leiarar og musikalske ressursar også.

Medlemslista har ikkje fått nokon tilvekst i 2023 og medlemstalet står på 19.

Frammøtet har gjennom 2023 svinga mellom 25 og 55. Gjennomsnittet har siste åra lagt seg stabilt på rundt 42. **Auken frå 2020** kan mest relaterast til søndagsskulen, medan det har tynnast ut noko hos dei godt vaksne. Vi saknar Arne Stavseth, som døydde i juni, og likeeins Jorunn og Ola Risa, som flytta til Rogaland. Vi ser behov for fleire i aktiv teneste, i praktiske og åndelege oppgåver, og som aktuelle for styret.



NYTT i 2023 er fellesbønemøta som starta opp 5.september etter initiativ frå Øyvind Årdal. Desse bøn- og lovsangsmøta har halde fram kvar første tysdag i månaden, og har samla godt med folk frå dei fleste forsamlingane i bygda.

TEMAET for forkynninga har i forsamlingsmøta som regel vore knytta til søndagens tekst. Men det har også vore innslag av andre tekstar og tema.

TENESTEGRUPPER: Det er ei velsigning å ha såpass mange som bidreg inn i forsamlinga, og vi er takksame for det gode fellesskapet. Så har vi ei utfordring med å nå fleire med evangeliet. I tillegg til å be om visjonære leiingar og musikalske gaver treng vi også be om både evangelisten og diakonen sine nådegåver imellom oss. Alle treng vi å bli fylte med frelsesglede og frimod, så vi kan kjøpe den laglege tid til å dele evangeliet.

Tenestegruppene er stort sett som før, og ser slik ut:

Gruppe 1	Oddbjørn, Reidun, Ingebjørg, Arnhild, Per-Gunnar	
Gruppe 2	Anita, Kari, Sigmund, Gunnhild	
Data, lyd, piano	Asle, Runa	
Song, utanom	Knut, Olav	
Søndagsskule	Karina med fam.	

ØKONOMI OG REKNESKAP.

Inntekter	2023	2022
Kollektar	87 208,00	85 703,00
Fast giv.	44 000,00	54 600,00
Andre gåver	1 199,60	2 939,90
Grasrotmidlar	6 172,08	4 780,97
Tilskot trussamfunn	3 973,20	7 464,86
VIPPS (julesalg)	47 810,00	30 290,00
SUMMERING:	190 362,88	187 800,73
Utgifter		
Fast g.t. avgift ImF	4 082,00	3 306,00
Annonser	14 755,00	14 061,00
Husleige	11 960,00	11 994,00
Andre utgifter	6 289,07	4 011,33
Sendt til ImF	51 664,00	45 645,00
Sendt til Miisj.samb	48 665,00	66 227,00
Sendt Åpne Dører	3 884,00	4 962,00
Sendt Israelsmisj.	4 484,00	
Julesalg, vidaresendt	46 973,07	29 759,71
SUMMERING:	192 756,14	179 966,04
RESULTAT:	- 2 393,26	7 834,69

Summ inntekter			190362,88
Summ utgifter			192756,14
Resultat			-2393,26
Saldo 1.1.23			6959,66
Saldo			4566,40
På konto	3910 37 46411		111,58
På konto	3910 54 63611		4454,80
Dif			0,00

Revidert 05.02.24
Johann Hurdal

Sykkylven, 3.mars 2023; styret i Sykkylven Bedehusforsamling:

Oddbjørn Brunstad (leiar), Reidun K. Eidem (nestleiar) Sigmund Valbø, Kari Myklebust og Ingebjørg Kjersheim